

## Møtereferat

Dato: 24.01.2018

Emne:	<b>Vurdering av takstreduksjon i Jondalstunnelen - Møtereferat 23. januar 2018</b>	
Til stades:	Håkon Rasmussen, Hordaland fylkeskommune Torolv Mikkelsen, styreformann Jondalstunnelen AS John Skogseth, dagleg leiar Jondalstunnelen AS Per Steffen Myhren, konsulent for Jondalstunnelen AS Kristian Bauge, Statens Vegvesen Kaisa Banne, Statens Vegvesen Matti Torgersen, Hordaland fylkeskommune	
Forfall:		Sak: 2016/34254-23
Møtetid:	Tysdag 23. januar 2018 kl 13.00-14.00	Møtestad: Hordaland fylkeskommune

**Møteleiar: Håkon Rasmussen****Referent: Matti Torgersen**

### Bakgrunn for møtet

Jondalstunnelen AS hadde bedt om møte med Samferdselsavdelinga i Hordaland fylkeskommune. Dei arbeider med ein prosess for å få avklart om det let seg gjera å redusera bompengesatsane og dermed strekkje bompengane etter dagens ordning til etter 2020 og på den måten få kontinuitet i innkrevjinga, føresett at ein får godkjent eit nytt opplegg for parsellen Fv107 Nordrepollen – Austrepollen. Ein periode utan bompengar for så å starte opp på nytt har Jondalstunnelen AS vurdert som lite ønskeleg.

Dagleg leiar i Jondalstunnelen AS, John Skogseth og styreleiar Torolv Mikkelsen har fått fullmakt frå styret i Jondalstunnelen AS til å drøfta om Hordaland fylkeskommune og dei 4 andre eigarkommunane kan slutte seg til at det vert arbeidd vidare med ein slik prosess.

### Gjenstående fordringar

Jondalstunnelen AS rapporterte at det står igjen 7 mill på bompengelånet, samt 21 mill kr. for tilbakebetaling av forskoteringar. Lån og forskoteringar er i følgje Jondalstunnelen AS forventa å vere nedbetalt i juni 2020, men kan skje tidligare om trafikkauken fortsett. I proposisjonen til Stortinget er det lagt opp til at bompengeperioden kan gå fram til 2027.

### Prosess med vurdering av ny parsell for Fv 107 Nordrepollen- Austepollen

Norconsult har i ein rapport vurdert ny tunell på mellom Austepollen og Nordrepollen. Kommunane Jondal, Odda og Kvam har gitt ei fellesuttale. Det er førebels ikkje motteke innspel frå Kvinnherad kommune. Fylkeskommunen vil på grunnlag av innspela gå i dialog med Norconsult med eit tilleggsoppdrag med sikte på å revidere rapporten. Det vert innkalla til eit nytt møte når denne ligg føre.

Ny tunnell mellom Nordrepollen og Austrepollen har ikkje finansiering med rassikringsmidlar i inneverande handlingsprogram for Regional transportplan for perioden 2018-23, og må difor vurderast med oppstart i samband med neste rullering av Regional transportplan. Finansiering vil også vere avhengig av framtidig løyving til rassikring på fylkesvegnettet. Dette vert avklart gjennom neste rullering av Nasjonal transportplan.

### **Takstjustering**

Det gikk fram at det ikkje er noko formelt i vege for at ein vurderer å justere takstane for å forlengje bompengerperioden.

Jondalstunnelen AS vurderer ulike takstnivå og konsekvensar for nedbetalingstida saman med SVV.

Framtidig saksgang kan vere:

- Jondalstunnelen utformar utkast til takstnivå
- Søknad vert sendt til Statens Vegvesen som sender den vidare til Vegdirektoratet for førehandsgodkjenning.
- Etter førehandsgodkjenning sender Statens vegvesen forslag til reduserte takstar ut på høyring til lokalpolitisk handsaming. På grunnlag av kommunane sine uttaler gjer Hordaland fylkeskommune fylkespolitisk vedtak i saka.

Gjennom handsaming av Prop. 1 S, tillegg 2 (2015 – 2016) fekk Samferdselsdepartementet fullmakt til å endra takstar og rabattar i bompengerprosjekt som er vedtekne i Stortinget. I praksis er det truleg Vegdirektoratet som kan handtera slike spørsmål utan å gå til Stortinget. Ein viktig føresetnad er lokalpolitisk tilslutnad.

### **Andre spørsmål**

Det pågår ein parallell prosess der Ferde AS venteleg vil kjøpe opp aksjane i Jondalstunnelen AS. Statens Vegvesen ønskjer å halde prosessane knytt til takstreduksjon og oppkjøp av aksjar som separate saker.

Styreformann stilte spørsmål om fylkeskommunen sine representantar i styret har mandat til å arbeide for takstreduksjon. I eit påfølgjande møte der styreformann og referent deltok med fylkeskommunen sin ansvarlege for oppfølging av eigarskap i fylkeskommunale selskap, Beate Bergsholm, vart det rådd til å avhalde eit eigarmøte og ekstraordinær generalforsamling for å få vedtak om at Jondalstunnelen AS kan arbeide med ein søknad om takstreduksjon. Styreformann følgjer dette opp.